



## Årsmøte Holy Riders MC Nordhordland

**Tid:** 29.01.19, kl.19:30

**Sted:** klubhuset i Sandvikadalen

Til stades: Oddbjørn Angelskår, Dag Martin Østevold, Jørgen Kveldstad, Øyvind Undal, Magnar Angelskår, Lena Yttreland, Trond Yttreland, Arvid Aasgard, John-Olav Aasgard, Helge Gjelsvik, Henning Gjelsvik, Liv Gjelsvik, Svein Frette, Nora Gjerde, Helge Kaland og Sven Ivar Eknes. Andreas Aasgard møtte til sak 4.

### Saker:

1. Valg av ordstyrer.

Forslag: Lena

Vart valgt ved akklamasjon.

2. Godkjenning av innkalling

- Sak 3: Det skal velgast to personer til å skrive under protokoll.
- Sak 7: Valkommiteen er John-Olav og Arvid Aasgard.

Vart godkjent ved akklamasjon.

3. Valg av tellekorps og to personer til å underskrive protokoll.

Forslag teljekorps: Øyvind Undal og Helge Gjelsvik.

Vart valgt ved akklamasjon.

Forslag signering: Svein Frette og Helge Gjelsvik.

Vart valgt ved akklamasjon.

4. Årsmelding ved Nora Gjerde

Innspel: Fleire var med på Hardangertreffet. Greit å få med informasjon om nye prospektmedlemmer.

Teke til etterretning ved akklamasjon.

5. Regnskap/økonomi ved kasserer Svein B. Frette

Budsjettet vart teke til etterretning ved akklamasjon.

Regnskapet vart godkjent ved akklamasjon.

Svein Frette ynskte å få regnskapet revidert.  
Andreas Aasgard sa seg villig til dette.

## 6. Årsmelding bønneringen ved Sven Ivar Eknes

Teke til etterretning.

## 7. Valg ved valgkomiteen; John Olav Aasgard og Arvid Aasgard.

Verv som er på val:

- Avdelingsleiar 2 år (Lena – stiller ikkje til gjenval)
- Styremedlem 2 år (Sven Ivar – stiller til gjenval)
- Styremedlem 2 år (Jørgen – stiller til gjenval)
- Vararepresentant 1 år (Svein – stiller til gjenval)
- Valgkomite (2 personer) for 1 år: (Ingen kandidatar)

Kandidatar som hadde sagt seg villeg til å stille, vart alle valgt inn ved akklamasjon.

Valgkommitèen har ikkje fått avklaring på leiarkandidatar.

Benkeforslag om styreleiar: Henning Gjelsvik.

Henning opplyser at han ikkje vil stille som leiarkandidat.

Benkeforslag om styreleiar: Sven Ivar Eknes.

Sven Ivar opplyser at han gjerne på eit anna tidspunkt ville ha takka ja til å stille som leiarkandidat, men at det på noverande tidspunkt dessverre er «feil timing» for han.

Benkeforslag om leiarkandidat: Jørgen Kveldstad.

Jørgen ynskjer ikkje å stille som leiarkandidat.

Benkeforslag om leiarkandidat: Andreas Aasgard.

Andreas ynskjer ikkje å stille som leiarkandidat, då han kjenner at kapasiteten/ tilstadeværelsen ikkje er slik han ynskjer.

Benkeforslag om leiarkandidat: Dag Martin Østevold.

Dag Martin opplyser at han ikkje har overskot og tid til å engasjere seg som leiar.

Innspel frå Lena Yttreland: Det er viktig med tydelig fordeling av oppgåver og meir rutiner på diverse små og større saker. Lena har ikkje kapasitet til å håndtere og vere med sosialt på alle saker. Kontaktflata har auka og dermed aukar også oppfølginga.

Innspel om å vurdere aktivitetsnivået og kor høgt lista skal ligge.

Replikk om at dette kjem inn under eiga sak; Sak 8.

Innspel med spørsmål ved om administrering av Facebook kontoen kan gjerast av nokon som ikkje sit i styret.

Innspel om at administrering av Facebook kontoen av hensyn til ansvar, må inn i styret.

Benkeforslag om leiarkandidat: Arvid Aasgard.

Arvid opplyser at han har utfordringer ved at han ikkje kan vere «nok» tilstades.

Innspel: Formann treng ikkje vere tilstades på alle arrangement.

Arvid meiner at det ikkje er naturleg å stille som leiar då han i Holy Riders samanheng framleis føler seg som «Trainee». Han meiner også at det då heller bør vere mange andre med mykje meir erfaring som er betre kvalifisert.

Saksopplysing til val av nytt styre:

Det må velgast inn eit ekstra styremedlem i tillegg for å fylle opp, jmf. fjaråret då årsmøtet aksepterte at styret vart midlertidig redusert med eit medlem.

Innspel om at den ekstra bør vere administrator av Facebook.

Fleire var enig med dette innspelet.

Innspel om at Facebookadministrator bør/ må vere styremedlem.

Fleire var enig med dette innspelet.

Innspel om at styret delegerer Facebook-administratoroppgåva internt i styret.

Fleire var enig med dette innspelet.

Benkeforslag til leiarkandidat: Øyvind Undal.

Øyvind ynskjer ikkje å stille som leiarkandidat. Kan derimot framleis svare på ulike tekniske/ praktiske spørsmål på Facebook).

Benkeforslag til leiarkandidat: Liv Gjelsvik.

Liv stiller gjerne heller opp på kvar cafè og steikjer vaflar enn å stille som leiarkandidat. Det er ikkje aktuelt å stille til val som leiar på grunn av allereie mange andre leiarverv.

Benkeforslag om styremedlem: Helge Kaland.

Han seier seg villig.

Årsmøtet valte Helge Kaland inn som styremedlem (for eit år) ved akklamasjon.

Benkeforslag om leiarkandidat: Nora Gjerde.

Nora meiner at ho har meir enn nok arbeid berre med basaren.

Dersom andre tek ansvar for basaren, er det heilt ok. Har tenkt å «roe ned».

Innspel om «stillinginstruks». Det er viktig å kartlegge og fordele oppgåver internt i styret og i klubben. Det vil då verte litt meir arbeid for kvar enkelt men mykje mindre arbeid for leiar, noko som då gjerne kan føre til at det vert enklare å skaffe ny leiar.

Mange var enig i dette innspelet.

Benkeforslag om leiarkandidat: Oddbjørn Angelskår.

Oddbjørn kjenner ikkje at det er rett å stille som leiarkandidat no.

Innspel om at ein «ny leiar» kan ha heilt nye nye idear og difor ikkje treng ha lang fartstid i avdelinga/ klubben (med adresse til Arvid).

Replikk frå John Olav der han tek Arvid sin tidlegare uttale i forsvar og poengterer at Arvid allereie har eit svært høgt aktivitetsnivå med mange andre oppgåver og at årsmøtet difor bør akseptere svaret han opprinneleg gav.

Innspel om at ein leiar gjerne også kan vere ein «åndelig leiar».

Replikk til innspel frå Arvid med poengtering om at Holy Riders ikkje er eit eige kyrkjesamfunn.

Innspel om at dersom årsmøtet ikkje har leiarkandidat kan det kallast inn til ekstraordinært årsmøte, men dersom ikkje noko særskilt har skjedd i mellomtida vil det sannsynlege resultatet verte uendra.

Innspel om å velje eit ekstra medlem slik at styret (i tillegg til å vere fulltallig) får enno eit ekstra medlem (for å vege opp for at det ikkje vert valgt leiar).

Henning Gjelsvik seier seg villig til å stille som styremedlem.

Henning Gjelsvik vart valt som styremedlem (for eit år) ved akklamasjon.

Innspel med spørsmål om Sven Ivar Eknes kan kalle inn til første styremøte.

Sven Ivar bekrefte at han kalla inn til første konstituerande styremøte.

Forslag til ny valgkommitè: Arvid Aasgard og Dag Martin Østevold.

Begge vart valgt ved akklamasjon.

Innspel til valgkommitèen (med presisering om at dette ikkje var meint som kritikk av føregående valgkommitè) om å starte arbeidet så tidleg som mogeleg, for å skaffe leiar.

Styremedlem Nora Gjerde vart sist årsmøte valgt for to år og har eit år igjen.

*NB! Tillegg til referat:*

*Referent sin eigen kommentar/ konklusjon av Årsmøte sak 7:*

*Sjølvkonstituerande styre 2019*

- 1) Avdelingsleiar 2 år: Ingen valgt. Styret er gitt mandat frå årsmøtet som kollektivt ansvarleg.
- 2) Styremedlem 2 år: Sven Ivar Eknes
- 3) Styremedlem 2 år: Jørgen Kveldstad
- 4) Styremedlem 1 år: Helge Kaland
- 5) Ekstra «utvida styre» -medlem 1 år: Henning Gjelsvik
- 6) Varamedlem 1 år (kasserar): Svein Frette.

*Etter årsmøtet opplyste Svein Frette på spørsmål frå underteikna om det tekniske ang. at styret ikkje har leiar. at han av omsyn til alt dokumentteknisk, gjerne kan stå oppført som fast styremedlem (sjølv om dette reint teknisk tilseier at han då har møteplikt) i møteprotokollen.*

- 7) Sitjande styremedlem (1 år igjen): Nora Gjerde

*Dersom det i inneverande ny styreperiode utpeikar seg ein leiarkandidat, kallar styret inn til ekstraordinært årsmøte for leiaval av 1). Når 1) er valt, trer automatisk 5) ut av styret.*

*Ved neste ordinære årsmøte er følgjande på val (kvar for 1 år): 4), 6) og dersom det framleis ikkje er valt ny 1), er også 5) på val.*

*Ved neste ordinære årsmøte er følgjande på val (for 2 år): 7).*

*Valkommittè på val (1 år): Arvid Aasgard og Dag Martin Østevold*

*I tillegg til eksisterande oppgåver må styret fordele kven som skal vere administrator av Facebook konto.*

*Styret står fritt til å delegere andre aktuelle oppgåver ut til ordinære medlemmer i avdelinga.*

## 8. MC kafe – evaluering av 2018. Hva ønsker vi videre? Når åpne?

Plan for mc-café har fungert, men det har vore litt få arbeidrarar nokre gongar.

Liv har opplevd å ha stått åleine kl.1800.

Det er vanskeleg for enkelte å stille kl.1800.

Det handlar om forventning og servicenivå.

Det er viktig å gi beskjed dersom ein ikkje kan stille kl.1800/ eller i det heile. Det er viktig å skaffe crew, skaffe alternative arbeidrarar. Nr.1 (hovudansvarlig) må kvar gong sende ut beskjed/ påminning til dei andre som er medansvarleg.

Det er oppretta ein lukka Facebook konto som kün er for medlemmer i avdelinga.

Spørsmål om å bruke andre besökande som for eksempel p-vakt.

Det er fantastisk å samle folk så langt ute i geografien i eit gammalt bedehus. Er sikker på at det er noko meir som trekkjer folk. Det er viktig med langsiktig perspektiv og bønn.

Menneskelig talt er Alpha ambisiøst. Det er lurt å finne noko (arrangement, etc.) som me kan

jobbe med, «byggje opp til», informere om og så skjer det (slik at alle som kjem har fått god informasjon i forkant).

Det kan gjerne vere musikalske innslag på mc-cafèane.

Me kan for eksempel invitere Øyvind Heggernes og få han til å dele vitnesbyrd ute på plassen.

Ønske vidare:

Cafèen fungere fint.

Skeptisk til å dra inn andre.

Redd for å tukle med det me har.

Lurere å annonsere eigne arrangement utanom ordinær mc-cafè drift.

Nokre eksempel på tidlegare besøk: HP og Jan Eriksen. Kvifor berre invitere «værstinger» til å dele vitnesbyrd? Viktig å finne «normale» kristne som fleire kan identifisere seg med.

Kva med å vise ein god kristen film?

Forslag om å invitere Jan Erik Larsen. Han har eit pakkeopplegg, men det kostar pengar.

Treng me loddbøksal? Økonomien til avdelinga er god og me har ingen budsjetterte eller kjente store økonomiske utlegg i nær framtid.

Basar er gøy! Viktig å halde fram med denne.

Senke det økonomiske ambisjonsnivået.

Fleire av prosjekta har vorte rimelegare enn budsjettert.

Selje julenek?

Styret tek dette vidare.

Forslag om å invitere Dag Arne Saltnes.

Oppstart: tysdag 2. april? Styret tek dette vidare.

Minikonsert ila. Sesongen?

9. Årsmøtehelg Holy Riders MC Norge/Sverige 8-10 februar i Molde

Nokon som har tenkt seg dit?

Ingen respons frå årsmøtet.

Lena orienterte om at det er mogeleg å søkje økonomisk støtte frå avdeling, dersom nokon ynskjer å reise, men ikkje kan pga. økonomi.

Ekstra sak til årsmøtet om «endra praksis».

Lena las opp informasjon til årsmøtet.

10. Prospects i avdelingen – ryggmerkesøkere til Pilegrimstreffet.

- Helge Kaland har søkt om ryggmerke på Pilegrimstreffet.

11. Arrangementer i året som kommer

- Vårmønstringen. Vafler og kaffi i Centralkirken?

Centralkirken er åpen for alt, ref. Dag Martin.

Viktig å søkje aksept frå Rolling Thunder.

Fjeskok er opp til Helge G.

GoKart tur?

Delta på Mc-fester?

Pilegrimstreffet? (Sober MC kjører i lag med Dag M.)

Trollrally (siste helg i august)?

Styret sjekkar NMCU- trefkalender og informerer avdelinga.

12. Tiendegave

- Overlevere til LINK (gåve frå 2018). Finne ein dato ein fredag der alle (born/ ungdommer) er der og få til at flest mogeleg frå avdelinga stiller med mc.

- Styret tek dette vidare ang. tiendegåve 2019.

Årsmøte avslutta.